

## Helge Sandøy: Språkomgrepet, språkholdningar og purisme.

I: Helge Sandøy, Randi Brodersen og Endre Brunstad (red.), *Purt og reint. Om purisme i dei nordiske språka*. (Skrifter frå Ivar Aasen-instituttet 15.) Volda: Høgskulen i Volda, 2003. ISBN: 82-7661-178-8, ISSN 0807-6243.

## 2. Språkomgrepet, språkholdningar og purisme

av

Helge Sandøy

*Innhald:*

1. Språket er udefinert!
2. Ein språkvitskapleg definisjon
3. Å individuere språk
4. Språkomgrepet i nordisk språkhistorie
5. Fokusering og sosial kategorisering
6. Standardspråket
7. Omgrepet 'dialekt'
8. Språket som kulturelt objekt
9. Purisme – dilemma for språkvitskapen?

### 1. Språket er udefinert!

Det finst ingen fullgod definisjon av omgrepet språk. Dette fenomenet som er fremste kjennemerket på mennesket, har vi altså ikkje betre grep om. Vi brukar ordet *språk* i så mange perspektiv at det får svært skiftande innhald. Jamfør f.eks. innhaldet i ordet *språk* i desse setningane:

- a. Dei forstod ikkje språket i dette landet
- b. Noreg har to offisielle språk, nynorsk og bokmål
- c. Dette språket er vanskeleg å lære
- d. Han har eit godt språk
- e. Han har eit lite utvikla språk
- f. Dei snakkar ikkje same språk
- g. Ansiktet hans tala sitt tydelege språk

Desse setningane, som er inspirerte av Dyvik (1998: 11f.), viser noko av spennvidda. Bruken i b) er den snevraste, for ein viser her til veldefinerte og normerte skriftmålsvarietetar. I a) er det ope om ein viser til tale eller skrift; dessutan treng ikkje 'språket i dette landet' vere identisk med eit

visst namngitt språk. Er det engelsk i Irland dei ikkje forstår, er ikkje det til vanleg oppfatta som eit anna språk enn engelsken i England, og det siste forstår dei kanskje godt. I c) kan *språk* sikte til ein sjargong eller ein stil i eit språk. I d) gir ein ei vurdering av det språklege uttrykket, og innhaldet er ikkje langt unna det vi har i e), men her er ein heller oppteken av språk-evna. I f) og g) er det knapt tale om språk i den språkvitskaplege oppfatninga, men heller ein metaforisk bruk av ordet.

Nedafør skal vi gå inn på korleis omgrepsbruken også i språkvitskapleg samanheng skiftar med perspektivet. Men først og fremst er det språkvitskapleg interessant at den vanlege språkbrukaren har skiftande oppfatning av 'språk', for det fortel om den kulturelle funksjonen som språket kan ha. I det perspektivet skal vi forstå fenomenet purisme.

## 2. Ein språkvitskapleg definisjon

Også blant språkvetarar er definisjonane (eller mindre pretensiøst: oppfatningane) av språk noko ulike. Dyvik (1998: 14) definerer språk som "et tegnsystem som er felles for en gruppe mennesker". Viktigaste innhaldet i denne definisjonen er at språket er noko som er felles slik at alle som er med i fellesskapen, forstår kvarandre når dei brukar språket. 'Teiknsystem' viser til det strukturlingvistar er mest opptekne av: forholdet mellom språkleg uttrykk og språkleg innhald. Denne strukturlingvistiske sida er det lite usemje om. Men at andre leddet i definisjonen legg vekt på fellesskapen, er ikkje alle like opptekne av. I denne definisjonen blir det altså fokusert at språket eksisterer som eit fenomen *mellom* medlemmene i ein fellesskap, altså ikkje *i* menneska. Denne definisjonen ligg nær formuleringa åt Ferdinand de Saussure om at språket er eit sosialt fenomen ("le langage est un fait social") (Saussure 1916).

Ulempa med dette einzijdige sosiale perspektivet er at ein får inntrykk av at språket er eitkvart som eksisterer uavhengig av individa eller utafor individa. Ein får ikkje med det perspektivet at dei felles normene som utgjør språket, er resultat av permanente "forhandlingar" mellom medlemmene i kollektivet.

Ein annan og mye brukt språkvitskapleg innfallsvinkel legg stor vekt på evna som menneska har til å meistre språket, dvs. eit teiknsystem eller ein kode som vi som menneske har spesielle føresetnader for å lære og å meistre. I dette perspektivet er ein oppteken av den universelle grammatikken, dvs. grunndrag som er felles for alle språk. Her er det ei biologisk eller psykologisk evne ein er oppteken av, og den sosiale statusen åt språket kjem i bakgrunnen.

I *Nynorskordboka* (Hovdenak o.fl. 1993) blir *språk* definert slik: “det at mennesket lagar høyrlege el. synlege ytringar som kan gje meldingar om sanseintrykk, tankar, kjensler o l frå individ til individ”. Her er det kommunikasjonen som er fokusert. At språket er ein “avtale” eller eit “kompromiss” mellom menneska i ei gruppe, forsvinn her også. Men det treng ikkje vere noka motsetning mellom dei ymse innfallsvinklane, dei kan utfylle kvarandre.

Perspektivet så langt har gått på ’språk som fenomen’, det vi oftast omtalar med *språk* i ubestemt form (jf. *Han har ikkje språk*). Det fungerer som eit teiknsystem og eksisterer både sosialt og biologisk på ein eller annan måte. Når vi derimot snakkar om *språket*, siktar vi gjerne til ein kode som kan beskrivast og definerast ved hjelp av visse formelle kriterium (som *norsk, nynorsk, engelsk, fransk*), og da blir det også aktuelt å tale om fleire språk, slik at ein ikkje lenger interesserer seg for den allmenne eigenskapen åt språk, nemleg å ha ein sosial eller biologisk eksistens. Ofte vil denne forskjellen i perspektiv avspegle seg i bruken av artikkelen (bestemt eller ubestemt): *No har han endeleg fått språk* må gå spørsmålet om å vere språklaus eller ei. *No har EU godkjent eit nytt språk* går på at ei gruppe personar har fått godkjent eit visst språk som dei identifiserer seg med. Her er det tale om ein sosialpsykologisk eigenskap ved språk, dvs. identifikasjon. I den siste betydninga ligg det i mange tilfelle nær å seie at språket er ein kulturell institusjon i samfunnet. Når vi brukar den ubestemte eller bestemte artikkelen, er det oftast i siste betydninga der omgrepet er teljeleg. Vi kan altså finne ut f.eks. kor mange språk EU har godteke. Ei slik teljing er irrelevant i den første betydninga.

Den siste måten å bruke språkomgrepet på, blir stundom omtalt som ’å individuere språk’ (Dyvik 1993), dvs. at ein med ordet *språk* siktar til eitt

spesielt språk blant fleire. 'Språk' er dermed blitt noko ein skil ut, og dermed kan ein rekne dei opp. Måten ein avgrensar eit spesifikt språk på, er langt frå sjølvsgd. Vi skal nedafor sjå at det fortel om kva forhold språkbrukarane har til 'språk', og det blir språksosiologisk viktig.

### 3. Å individuere språk

Det er helst språkvetarane som er opptekne av "naturen" i språket. Dei fleste språkbrukarane er nok meir opptekne av det kulturelle omgrepet, altså det individuerte språket, eller det institusjonaliserte språket.

Dersom alle forstod kvarandre, kunne perspektivet med å individuere eller skilje mellom språk vere heilt unødvendig. Det vil seie at omgrepet språk med det utskiljande innhaldet ikkje er naturnødvendig, i motsetning til omgrepa 'teiknsystem' og 'sosialt fenomen', som har med språknaturen å gjere. Vi kan kanskje seie at mangelen på forståingsfellesskap er det som først aktualiserer individueringsperspektivet i menneskjesoga, dvs. da stammemenneska oppdaga at dei ikkje forstod menneska i ein annan stamme. Dét kunne dei ha bruk for å omtale, altså at andre snakka *eit* anna språk.

Her legg vi til grunn kriteriet om 'forståingsfellesskap'. Det brukar språkvetarar ofte når dei skal prøve å definere kva som er ulike språk i motsetning til ulike dialektar. Men same kriteriet kan også vere i bruk hos vanlege språkbrukarar når dei kategoriserer språk.

Det finst faktisk vitnemål om ein "uskyldstilstand" når det gjeld språkkategorisering. Det er folkestammar som ikkje har noko namn på det språket dei snakkar. Dei er fremmende for sjølve tankegangen at språket *er* noko. Den viktigaste kategoriseringa deira går på om dei forstår eller ikkje. Tore Jansson (1997) har møtt slike språksamfunn i det sørlege Afrika: Folket som snakkar det sørlege koisan-språket, har ikkje noko namn på språket sitt. Det er språkforskarar og misjonærar som har sett namn på det, til og med mange namn på same språket, slik at det er oppstått forvirring i faglitteraturen (s. 17f.). Somme namn på språket er inspirerte av svar dei innfødde har gitt på dette "europeiske spørsmålet" om kva språk snakkar de?: *Khwe*, har dei innfødde svart f.eks., og det betyr 'menneske' eller 'folk'. Dei har altså på dette vestlege spørsmålet svart at dei snakkar som

folk! Dei innfødde med dette språket har utgjort mange grupper, og gruppene har dei ulike namn på, men ikkje på språkvariantane eller “dialektane” som gruppene brukar. Det er altså inga interesse for slike språklege kategoriseringar som vi er så vane med hos oss. Vi kan uttrykkje det slik at språket ikkje ser ut til å ha fått funksjon som eit *kulturelt objekt*, dvs. at språket ikkje er eit omgrep som kollektivet dyrkar til noko formål, slik vi veit samfunn gjer med andre kulturelle fenomen. Språket finst som kommunikasjonsmiddel, men i fantasien åt folk er ikkje språket noko omgrep som dei er opptekne av på nokon måte. Det er ingen institusjon. (Dette er sjølv sagt noko anna enn at ord kan bli dyrka som kulturelle objekt. Sosiale assosiasjonar og konnotasjonar i ord treng ikkje ha med dette å gjere.)

Når vi no skal nærme oss vår eiga språkhistorie, kan vi ta med at nemninga *tysk* (også *deutsch* og *dutch!*), på norrønt *þýðverskr*, opphavleg betydde ‘språket som folk snakkar’ (*þjóð* = ‘folk’) (jf. f.eks. Torp 1919 under ‘tysk’). Det er altså eit lite spesifisert namn, nærast ei nemning på det sjølv sagde, det språket som dei næraste folkegruppene brukar, i motsetning til dei utafor. Nemninga minner om den vi såg frå bantuspråket. Elles betyr *bantu* også nettopp ‘folk’, og på same måten namngir ofte sør- og mellom-amerikanske indianarar òg språket sitt. I mange australske språksamfunn kallar dei språket sitt kort og godt berre ‘dette’ (Crystal 1987: 285). Det òg fortel vel om lita fokusering på språket som kategori eller eining.

#### **4. Språkomgrepet i nordisk språkhistorie**

Vi kan leite etter språkleg refleksjon i nordisk språkhistorie. Ein finn ikkje mange opplysningar eller merknader om den språklege variasjonen om ein studerer den store norrøne litteraturen. Det er f.eks. ikkje nemnt kva språklege problem nordbuane hadde da dei kom til det store utlandet. Den nokså store kontakten med innbyggjarane i Storbritannia ser ut til å ha vore språkleg smertefri. Men det kan han ikkje ha vore. Svært mange snakka keltisk der, og sjølv gammalengelsken kan ikkje ha vore heilt lett å forstå. Vi kan truleg rekne med at Olav Tryggvason og kong Adalråd i 994–995 snakka saman på morsmåla sine, og nordbuane kunne truleg også kommu-

nisere på tilsvarande måte med nordtyskarane. Men det var i beste fall berre det vi i dag kallar semikommunikasjon, dvs. at språkavstanden var så stor at det kosta litt innsats å forstå kvarandre. Ofte samanliknar ein slikt med forholdet mellom nordmenn og danskar i dag, for dei òg må streve litt før dei blir vane med nabospråket.

Litt finn ein i kjeldene om korleis folk tenkte på språkvariasjonen, i alle fall i namngivinga. Folk i Norden kalla språket sitt for *dønsk tunga*. Det engelske språket er *enska*, og det oftast nemnde språket er *írsk*, dvs. gælisk (Helgi Guðmundsson 1997: 36ff.). Spekulasjonane om korfor språket her i nord blei kalla nettopp *dønsk tunga*, skal vi ikkje dra inn no. Det viktige er at folket i desse landa har tydeleg oppfatta det slik at dei snakka same språket, og så hadde dei også namn på dei språka som dei opplevde som annleis, kanskje fordi det førte til visse kommunikasjonsproblem.

Om nemninga på fellesspråket var *dønsk tunga*, skilde ein likevel mellom ulike opphav som folk i Norden hadde: *danir*, *íslendingar*, *svíar* osv. Dette blei neppe oppfatta som meir problematisk enn at folk i mange andre land enn England i dag omtalar språket sitt som engelsk.

Oppfatninga av ein stor språkleg fellesskap i Norden ser ut til å ha rådd svært lenge. Siste gongen nemninga *dønsk tunga* er brukt på Island, var på 1340-talet. Der kom etter kvart adjektivet *norrønn* til å bli brukt om språket som var felles for Noreg og vesterhavsoyane, og det kan da tolkast slik at det vestnordiske blei oppfatta som ei grein for seg i motsetning til austnordisk. På Orknøyane var nemninga *danska tong* faktisk brukt heilt til språket døydde ut på 1700-talet (Barnes 1998: 25 og Indrebø 1951: 279).

Ein nærliggjande hypotese er at folk i Norden ikkje begynte å individuere dei nordiske språka før heilt på slutten av mellomalderen, dvs. på 1400-talet eller fram mot reformasjonen da vi får kimar til ei framveksande stats- og nasjonstenking (Sandøy 2000). Det vil seie at vi under renessansen står ved eit skifte i måten å tenkje på språk på. Da får ein òg utvikla nye språkholdningar, og språket får ein ny verdi som kulturelt objekt. 'Språket vårt' kjem med den såkalla nytida.

## 5. Fokusering og sosial kategorisering

Menneska har eit sterkt behov for å rekne seg som del av ei eller fleire grupper, og dei treng å føle seg aksepterte av andre menneske. Tilknytninga til ei gruppe er ein viktig del av identiteten. Hogg & Abrams (1988) drøftar ei slik sosialpsykologisk forståing av gruppeidentiteten og understrekar at han krev ei markering av både ein indre likskap og ein forskjell frå andre, dvs. at desse to perspektiva er to sider av same sak. Gruppeopplevinga hos gruppemedlemene skjer gjennom ei kategorisering av likskapar og forskjellar. Gruppetilhørsla og dermed gruppeidentiteten gir sosial tryggleik til individet, men ho krev også lojalitet av individet, slik at det finst både ei vinning og ein kostnad. Gruppeidentiteten kan uttrykkjast på mange måtar, både i klede, verdiar, holdningar, meiningar, dans, språk osv.

Gruppeidentiteten er kanskje grunnleggjande for menneska – ein ‘primitiv’ om vi skal bruke ein term frå språkvitskapen. Men det er neppe slik at språket *treng* vere uttrykk for denne identiteten, sjølv om det ofte er det. Det er ikkje urimeleg å forstå mentalitetshistoria fram til seinmellomalderen slik at språket da ikkje var fokusert som identitetsmerke. Men her skal vi vere oppmerksame på at vi ikkje veit noko sikkert. Vi veit jo at menneska av reint biologiske grunnar har svært vanskeleg for å endre og tilpasse språket sitt etter at dei har passert alderen 8–12 år; etter den alderen heng språket ved ein nesten som utsjånaden gjer det. Dermed er språket lett å utnytte dersom kulturen har behov for å markere skilje mellom menneska. Men det ser altså ut til at dette blei lite utnytta tidleg i historia. Ein slik hypotese om at språket ikkje var blitt noko tydeleg kulturelt objekt, byggjer dels på mangelen på historiske belegg, dels på ei sosialantropologisk jamføring med andre sivilisasjonar, jf. referatet frå Jansson (1997) ovafor. Men vi kan òg finne støtte for hypotesen i tolkingar av dei ideologiske uttrykka som det institusjonaliserte språket har. Det skal vi komme tilbake til nedafor.

Språkleg variasjon er ein naturleg tilstand. Derfor er det uendeleg mange språkforskjellar som kan utnyttast til å markere sosiale forskjellar. Forskjellane står der til disposisjon – om det skulle oppstå eit sosialet behov for å dyrke forskjellen. Eigentleg er det få forskjellar som er utnytta, og det verkar tilfeldig kva for nokre som er det.



Den mangelen på samsvar mellom faktisk variasjon på eine sida og kulturell fokusering på hi oppdagar vi lett som er dialektologar. Mange forskjellar er det berre trente språkvetarar som kjenner til, f.eks. skiljet mellom affrikat og frikativ kj-lyd, mens andre forskjellar gjer vanlege folk mye ut av. Samanfallet mellom *sj* og *kj*, som dukkar opp mange stader i landet, får ofte stor oppmerksomheit, mens f.eks. samanfallet mellom postalveolarar og retrofleksar i romsdalsk, knapt blir lagt merke til av romsdalingane sjølve (som når *ført* fell saman med *følg*). Det er altså svært tilfeldig kva forskjellar som blir ein del av det kollektive medvettet, dvs. som blir fokuserte.

Det er altså eit sprang mellom det å ha forskjellar til å fokusere dei. Fokuseringa føreset interesse motsetnad. Fokuseringa er ein måte å organisere interesse motsetnaden på, dvs. som ein del av ideologiutviklinga. Dermed blir det forståeleg at språkleg fokusering kan vere avhengig av f.eks. statsdanning og statsmakt, slik vi ser det under renessansen. (Når vi seier “f.eks.”, held vi det ope at rekkjefølgja kan òg vere motsett. Samane har ikkje laga seg sin eigen stat, men det er klart at språkfokuseringa har vore viktig i kampen for å ta tilbake makta over deira eige samfunn.)

Neste interesseområdet vårt no er dermed korleis ideologien om det individuerte språket veks fram.

## 6. Standardspråket

Den språklege standardiseringa i dansk på 1500-talet kan tolkast som ei ideologiutvikling der maktapparatet prøver å halde saman det store riket ved å skape eit medvett om felles ideal hos statsborgarane. Det var i løpet av seinmellomalderen utvikla ein ny statsrettsleg ideologi: Kongen var ikkje konge berre ved å vere mektig, han fekk legitimitet gjennom handfesting og ved å ta ansvar for undersåttane. Undersåttane utgjorde ei naturleg eining i utgangspunktet, dei var eit *rike* som kongen forhandla med. Vi får dermed statsutvikling av ein ny type.

Språkstandardiseringa skaper ein effektiv gruppemarkør og ei effektiv fokusering ved at 'dansk' no blir ei framheving av det felles språket i det samansette riket og dermed i motsetning til svensk i “fiendelandet”. For å

gjere omgrepet 'dansk språk' enda klårare kjem òg ei fokusering på korrektheitsomgrepet. Omgrepet 'rigtig dansk' blei viktig.

På 1500-talet var det politisk viktig for maktapparatet å spreie kunnskap om kva som skulle gjelde som dansk. Dermed utvikla ein også ei bevisstheit om kva som var det autoriserte uttrykket for SPRÅKET.

Med denne standardiseringa blei språket individuert og identifisert på ein ny måte. Dansk blei no eit språk i motsetning til svensk, enda dei to var gjensidig forståelege – likeins som før. *Individueringa* av språk skjedde med ei administrativ eining som utgangspunkt for å skape ei sosial avgrensing. Det var dermed gruppefellesskap som var grunnlaget, ikkje forståingsfellesskap, og dermed var språkomgrepet blitt sosiolingvistisk – i alle fall på ein ny måte.

Tore Jansson (1997) brukar som definisjon av 'eit språk' at språkbrukarane sjølve må oppfatte språket sitt som eit eige språk. Det vil seie at han refererer til at det er utvikla eit kollektivt medvett, som igjen vil seie at omgrepet som dette medvettet refererer til, er eit kulturelt objekt. Eksistensen av omgrepet er jo avhengig av dette medvettet; det er skapt i fantasien åt folk. Omgrepet språk i denne oppfatninga er ikkje eit resultat av induksjon over språkmateriale i samfunnet. Med denne definisjonen framstiller Jansson m.a. korleis spansk, fransk og italiensk blei til eigne 'språk' ved at dei nye skriftmåla fekk namn og funksjon. Først blei dei brukte berre som skriftleg uttrykk for folkeleg dikting, for det "eigentlege språket" var latin i mellomalderen, sjølv om talemåla etter kvart låg langt unna.

Omgrepet dansk og kategoriseringa i dansk i motsetning til andre nærliggjande språk kan ein tenkje seg blei lettare å gripe om det blei oppretta eit ideal for kva som var det eigentleg danske, eller det 'beste danske', som dei begynte å omtale det som på 1500-talet. Det er som Hogg & Abrams (1988: 21) seier: Sjølvkategoriseringa føreset ei kjensle av indre likskap samtidig med ei bevisstheit om ein skilnad frå andre. Dermed kan vi seie at utviklinga av eit standardspråk kan gjere det lettare å spreie omgrepet 'dansk'. Dette var ein ny måte å tenkje på. (Det kan tenkjast at importordet *språk* kan ha komme i samband med dette nye semantiske innhaldet for 'individuert språk'. *Mål* hadde eit meir generelt innhald. Jamfør

at verbet *språke* betyr somstad ‘å knote’, jf. Aasen (1850 & 1873), eller ‘å rikse’ som det heiter andre stader.)

*Identifiseringa* av dansk skjeddde “reint teknisk” ved at éin varietet av språket i Danmark – nemleg dialekten åt den intellektuelle eliten i København – blei framheva som prototyp, som ideell dansk. Dette dialektvalet er sjølv sagt samtidig uttrykk for eit sosialt maktforhold, som òg var ein premiss for statsdanninga.

Dansk og svensk var altså blitt skilde språk pga. politiske motiv. ‘Norsk’ blei problematisk lenge, for her var det ikkje nokon politisk vilje til lausriving, og språkleg var det ikkje opplagt at vi utgjorde ein samla ein-skap mot dansk. Dialektforskjellane innafor Danmark var like store som over Kattegat. Men med tida ser vi at dei som ønskte å markere Noreg som noko spesielt før 1814, understreka det også med å peike på språklege særdrag. Men det er problematisk å seie om det var berre noko regionalt, altså ein dialekt innafor dansk, eller om dei tenkte på det som eit eige språk. Det siste var kanskje tvilsamt ettersom det ikkje fanst noka skriftform som kunne tene som uttrykk for eit særsmål ’norsk’. ‘Norsk’ var da eitt eller fleire talemål som veik av frå standardspråket dansk, likeins som jysk og bornholmsk skilde seg frå det rette danske.

Omgrepet norsk var nok i utvikling over lang tid, og det er først på slutten av 1700-talet at ein ser tydelege spirar til ein ideologi om eit norsk språk til forskjell frå det danske. På 1800-talet var det Wergeland og andre, og seinare Aasen og målrørsla, som tvinga fram ei fokusering på språkforskjellen, og dei individuerte dermed norsk språk frå dansk. Det var ein lang kamp om den kollektive fantasien der målrørsla lenge hadde ein sterk trumf. Men målrørsla fekk ikkje overtaket i tide, for etter kvart som dansken blei omforma til bokmål, blei det vanskeleg å overtyde om at berre ‘norsk-norsken’ var norsk.

Denne kampen om den kollektive fantasien gjaldt eigentleg to saker: både ei tilslutning til idéen om at ein nasjon skulle ha sitt eige språk, og korleis det språket skulle sjå ut i det norske tilfellet.

Hovudpoenget med desse historiske illustrasjonane er at språkleg variasjon med dialektar er ein normaltilstand, men omgrepet språk er skapt av kulturen, oftast av maktpolitiske årsaker. Dette blir fanga godt opp i den

språkdefinisjonen Max Weinreich er opphavsmann til: Eit språk er ein dialekt med hær og flote (Gundersen 1995: 840).

Det er framleis “heilt normalt” utafør Norden at eit land og ein nasjon ikkje har sitt eige språk; vi kan berre ta eksempel som Austerrike, Sveits og Tyskland, som alle deler same språket. (Sveits deler endatil språk med fleire.) I 1814 var dette enda meir normalsituasjonen. Språk og etnisitet er såleis prinsipielt uavhengige av kvarandre, sjølv om vi opplever det annleis hos oss.

## 7. Omgrepet ‘dialekt’

Språkleg variasjon er ein normaltstand, først og fremst geografisk, og omgrepet ‘dialekt’ blir i dag brukt for å dekkje den typen variasjon. Men når vi tenkjer på dialektomgrepet med individuert betydning, altså om ein viss varietet knytt til eit visst område, har det ei parallell utvikling til det individuerte språkomgrepet.

Som nemnt ovafor er kanskje ordet *språk* komme inn med betydninga ‘individuert språk’. For omgrepet ‘individuert dialekt’ var vi òg lenge utan noko omgrep. Det er uklårt om norrønt hadde noko slikt omgrep. Det islandske *mállýska* er ikkje belagt før på 1820-talet i den moderne tydinga (Orðabók Háskólans). Færøysk har teke opp *málføri* frå nynorsk *målføre* (i 1907), og også i nynorsk er kanskje denne betydninga av nyare dato, sjølv om Aasen (1873) har desse opplysningane under oppslaget: “Egenhed i Talen eller Sproget; ogsaa Sprogart, Dialekt”. Dette ordet er heimfesta til “Nordl. og Trondh.” Aasen (1850 & 1873) har også dialekt som betydning av *mål*. Det vanlege og folkelege ordet i norsk i dag er *dialekt* og i færøysk *bygdamál* (munnleg opplyst av Eivind Weihe). I svensk og dansk har ordet dialekt ikkje fått same betydninga som i dag før på 1800-talet. I f.eks. 1668 blei ordet brukt i svensk om skriftmål: *dialectus communis* = ‘gängse (skrift)språk’, men snart blei det brukt om allslags talemål (Widmark 1995: 411).

Det kan verke som det er den nasjonalromantiske interessa for folkemålet som skaper behov for ein term for eit regionalt avgrensa språk i språket. Ein kunne nok snakke om lokale eller regionale særdrag før også

med å formulere seg: ‘som dei seier på Sunnmøre’ o.l. Men å lage eit substantiv for det lokalt avgrensa språket, vitnar om ei særleg interesse, om at språket er eit kulturelt viktig objekt. Og sjølv i dag brukar ikkje vanlege romsdalingar substantivet *romsdalsk* om dialekten i distriktet. Det heiter at den eller den ‘snakkar romsdaling’. Ein seier ikkje at ‘dette er rett romsdalsk’, heller: ‘romsdalingar brukar ikkje å snakke slik’. Det kan vise at førestellinga om ei klårt avgrensa norm ikkje er så klår som for eit standardspråk. Dèt kan vi tolke som uttrykk for at den regionale dialekten ikkje har vore dyrka som kulturelt objekt. Da amtmann Tønder i 1744 svarte på kansellispørsmåla om særdrag i den lokale dialekten, sende han ei lengre utgreiing om den lokale dialekten i amtet, men han skilde i det heile ikkje mellom sunnmørsk, romsdalsk og nordmørsk, som vi er svært opptekne av i dag.

Parallellen til ‘norsk’ kunne førast vidare ved at substantivet *romsdalsk* nok ville nå medvettet åt alle dersom ein utforma eit romsdalsk skriftmål, og dersom folket blei interessert i å bruke det. Det ville representert ei svært sterk språkleg fokusering, og individueringa kunne referert til ei autorisert norm. Da ville vi fått svært tydeleg fram at regionaliseringa eigentleg er av same type som nasjonsbygginga.

## **8. Språket som kulturelt objekt**

Å dyrke språket er å tillegge det sosiale eigenskapar eller verdiar som det ikkje har frå ein rein språkstrukturell synsvinkel. Dersom samfunnet har hatt behov for å individuere språket, kan ein rekne med at det også har sett eit namn på det, for ein har på den måten oppretta ein nytt omgrep som hjelper og styrer tanken Gruppeoppfatninga kan da repeterast og stadfestast kvar gong ein refererer til omgrepet. Slik kan vi tenkje oss at dialektomgrepet og dialektnemningane våre fungerer i dag, og slik fungerte kanskje ‘norsk’ på 1800-talet. I denne oppfatninga av språket er det ope for at det inneheld stor variasjon, språket treng ikkje eingong vere klårt definert. Omgrepet kan meir vere ei kopling av mange språkdrag, som gir oss ei oppfatning av kva det vil seie å snakke f.eks. østerdalsk. Så lausleg kan eit omgrep vere, og likevel ha markeringsfunksjon.

Ved ei sterkare fokusering skaper ein eit idealomgrep, ein peikar ut det mest typiske og byggjer opp ein prototype for språkomgrepet. Dét er jo ikkje ukjent i ein del dialektsamfunn hos oss, for mange snakkar om “skikkeleg dialekt”, “på rett halling heiter det eigentleg ...”, osv. I dag er nok den vanlegaste situasjonen at det vi reknar som det eldste, trur vi er det mest eigentlege. Dermed styrer vi utvalet av eigenskapar åt prototypen. Denne ‘trua’ eller førestellinga er nok skapt av nasjonalromantikken. Det finst ei anna kraft også som kan styre utvalet av særdrag; det er eit ønske om å skilje seg frå ein ‘motstandar’ eller ein ‘nabo’. Det siste er igjen uttrykk for gruppedanningsfunksjonen. Da dyrkar ein fram det mest utskiljande, og det treng ikkje vere det eldste.

På denne måten dannar det seg ein prototype eller ei norm i fantasien vår. Det treng ikkje finnast eit einaste menneske som snakkar dialekten heilt ut slik norma føreset. Men om norma ikkje er nokon induksjon eller abstraksjon over faktisk språkbruk, eksisterer ho og har si kraft fordi det finst ei førestelling om henne. Ho kan jo endatil verke inn på eller styre språkendingane gjennom det sosiolingvistikken kallar naboopposisjon (Larsen 1917).

Neste samfunnstypen, eller neste fasen, får vi ved ei autorisering av prototypen. Da blir korrektheitsperspektivet viktig, og det korrekte er så eksplisitt at språkbrukarane er medvetne om det og har det som kunnskap. Dei som ikkje har kunnskapen, kan skaffe seg han ved å undersøkje i oppslagsverk om kva som er autorisert og vedteke. Dette er det lettast å gjennomskode når vi ser på skriftmålet, for her er normene eksplisitte i oppslagsbøker osv., og det får konsekvensar om ein bryt desse preskriptive normene. For normert tale kan vi også seie det kan finnast tilsvarande, som f.eks. Berulfsens uttaleordbok (Berulfsen 1969). Men for talemålet er det ikkje på same måten etablert offisiell autorisasjon i norsk. Så lenge det er ueinigheit om det korrekte, er det lettare å oppdage den politiske kampen om fantasien åt folk, dvs. kampen for og mot ideologien om korleis den korrekte talen skal vere, for og mot prototypene. Vi avslører lettare korleis omgrepa manipulerer tanken – særleg når dei er rekna som sjølvsgade.

Di meir ein standard er fokusert, di lettare kan språket utnyttast som kulturell kapital, for å bruke Bourdieus formulering, dvs. at ei definert

språkform får ein sosial verdi som folk skaper og utnyttar for å gi seg sjølv ein identitet, eller ein verdi på den sosiale marknaden. Men dette er som fenomen slettes ikkje avgrensa til skriftleggjeringa av språket. Sosiolektane i det munnlege språket er jo nettopp ein måte å “kapitalisere språket” på: Ein gjer seg sjølv meir verdifull ved å bruke ein viss språkvarietet. Eller det motsette: Ein administrerande direktør som snakkar austkantmål frå Oslo, er vel direkte utenkjeleg hos oss, for han ville få problem med tiltrua pga. at han mangla den føresette kulturelle kapitalen. Det ville vere verre enn om han mangla dei andre kulturkapitalane som direktørar bør ha: Interesse for biletkunst, kjennskap til franske vinar og til skikk og bruk i selskapslivet. Slike er kulturelt insolvente – så lenge tanken er manipulert på ein viss måte.

Identifiseringsfunksjonen som språket har – og som vi er opptekne av i sosiolingvistikken – er altså ein del av dei eigenskapane språket blir tillagt ved at det får funksjon som kulturelt objekt. Denne identifiseringsfunksjonen dreg vi oftast fram i samband med drøfting av regional og sosial identitet. Men han er like aktuell i samband med det standardiserte nasjonalspråket.

Dyrkinga av standardspråket – altså dette språket som er skapt i fantasien vår som eit riksovergripande kulturprodukt – er blitt ein svært viktig del av samfunnsorganisasjonen vår frå den spede starten midt på 1500-talet. Det skriftlege standardspråket blir lært i skoleverket og går djupt inn i medvettet. Sjølv om dyrkinga ikkje er like klår i talemålet, er skriftstandarden i praksis eit mønster leksikalsk, syntaktisk og morfologisk for dei aller fleste når dei endrar på språket sitt for å bli forstått, f.eks. i samtale med folk frå andre nordiske land. Medvettet om eit ‘norsk språk’ er dermed nokså stort i både tale og skrift.

Normeringsarbeidet som f.eks. Norsk språkråd driv, inneheld ei politisk side: Det skal gi standardnorma autorisasjon og status. Autorisasjonen er ein måte å dyrke språket på; han har som funksjon å styrkje den nasjonale identiteten. Ein styrkjer gruppeidentifikasjonen ved å presisere eit fellesideal. Normeringa har altså same politiske formålet no som på 1500-talet.

## 9. Purisme – dilemma for språkvitskapen?

*Purismen* har som sentral funksjon å gjere dei språklege grensene klåre. Tilsvarande markeringsfunksjon har òg omgrepet *korrekt språk*. Begge desse innfallsvinklane til ønsket om å halde oppe eit språkleg ideal føreset førestellinga om det individuerte språket. Premissen er at vi har eit institusjonalisert språk, ei felleseige som vi dyrkar kulturelt, og som har symbolsk funksjon for samfunnsmedlemmene. Også purismen dreiar seg såleis om kulturobjektet språk, ikkje om språket som struktur.

Det er vanskeleg å finne reine språkstrukturelle argument for purisme eller anna normeringsarbeid. Språkvetaren kan seie at vi har språk og språkstruktur same kva vi gjer, same kva blandingsprodukt vi får som resultatet av språkutviklinga. Og alle språkstrukturar er interessante og truleg like gode som kommunikasjonsmiddel mellom menneske – reint “teknisk” sett. Dermed kan vi seie at argument til fordel for korrekt språk og “reint” språk må byggje på ein politisk premiss, som kjem i tillegg til det kommunikasjonstekniske. Jamvel om vi prøver oss med den argumentasjonen at språket blir meir gjennomsiktig med nasjonale/heimlege ord, og at språket blir lettare å lære for nye språkbrukarar om det har ein klår struktur, er dét òg eit argument som tek omsyn til språkbrukaren – ikkje språket – og vi kan seie det byggjer på eit demokratisk språkideal, som også er politisk. (Kor langt læringsargumentet held, er ei anna sak.)

Vi har her komme borti eit ømt punkt hos språkvitskapen. I si tid gav junggrammatikarane oss eit dilemma. Dei hadde sterk interesse for det historiske og fekk dermed òg ei innsikt i krefter som påverkar språkutviklinga. Men vitskapsidealet deira var at ein ikkje skulle påverke utviklinga. Dei aksepterte utviklinga som ein del av den naturen dei beskreiv. (Thomas 1991: 3.)

Seinare språkvitskap har vore prega av same holdninga, men den auka innsikta i sosiolingvistikk, altså forholdet mellom språk og samfunn, har gjort det vanskelegare å unngå å halde politiske perspektiv ute. Språkpolitikk er blitt eit studieobjekt, der ein ser på og avslører korleis språket blir brukt politisk som kulturobjekt. Da er det ikkje til å unngå at den innsikta studiet gir, i neste omgang blir brukt til å avsløre dei politiske



verdiane, diskutere dei og eventuelt arbeide for andre verdier. Ein argumenterer på grunnlag av ei innsikt som språkvitskapen har gitt.

Språkvitskapen har dermed komme i same situasjonen som dei fleste andre vitskapar er i: Ein må leve med å vere både tilskodar og deltakar, for etter at samfunnet har oppnådd refleksjon og innsikt, er det ikkje lenger det same som før det oppnådde innsikta. Studieobjektet vårt kan altså ikkje vere ein upåverka natur. Idealet for språkvetaren blir ikkje lenger å halde fingrane unna fatet, men å utvikle den ærlege refleksjonen kring si eiga dobbeltrolle. Idealet inneheld dessutan ei tru på at det er råd å skilje mellom tilskodar- og deltakar-funksjonen på refleksjonsnivået, sjølv om det blir to sider av same sak på aksjonsnivået.

Med dette idealet kan ein våge seg til å reflektere over kva ein er med på. (Somme hevdar at det er ei plikt å vere med, eller at det eigentleg er umogleg å ikkje vere med.) Er vi med på noko godt eller dårleg? Å beskrive standardsspråket kan ha som funksjon at ein styrkjer idéen om og statusen åt standardsspråket, dvs. at ein styrkjer den nasjonale gruppeidentifikasjonen. Er det godt eller dårleg? Det kan vel neppe vere verre enn andre tiltak som forbetrar nasjonen som organisasjon og samfunn anten det gjeld skolepolitikk eller system for eldreomsorg. Men førestellinga om den nasjonale eininga *kan* ha uheldige følgjer, for det nasjonale kan sjølvsagt brukast til mangt. Derfor er refleksjonen kring førestellinga som eit immunforsvar, slik at vi ikkje gjer nasjonen til noko meir enn ei eining for ein tenleg samfunnsorganisasjon; og det er god nok legitimering. Denne legitimeringa kan òg setjast inn i eit demokrati-ideal: Nasjonar kan effektivisere demokratiet. Og språk gjeld demokrati.

Ein kan også argumentere på ein annan måte for språk, purisme, språkgrenser og nasjonale gruppeidentifikasjonar – som rettnok ikkje treng samsvare med statsgrenser – ved å bruke den kulturøkologiske grunnivinga med at det er verdifullt med *språkleg mangfald*. Kulturelt og språkleg mangfald kan vere ei støtte for å halde oppe eller auke den kulturelle kreativiteten. Homogenisering og effektiv kommunikasjon i verda kan ha negative følgjer om ein reduserer mangfaldet. Fjernar ein språk, homogeniserer ein kulturen i verda, og kreativitet får dårlegare vilkår.

Eit slikt perspektiv framhevar den synsmåten at språket også er noko

anna enn berre eit instrument for effektiv informasjonsutveksling, og dét perspektivet vil nødvendigvis gi språket andre verdiar. Det er trugselen mot dei småe språka i verda som har auka interessa vår for dette perspektivet dei siste tiåra. Den grunnleggjande premissen er at menneska og menneskeslekta vil auke overlevingsevna si med å halde på eit kulturelt og språkleg mangfald. Det vil seie at variasjonen er ein rikdom og ein styrke i kulturen likeins som i naturen. Ulike erfaringar, ulike samfunn og ulike tankar er fruktbare, for dei er eit grunnlag også for nyutviklingar og tilpassingar:

“the separation of the world’s population into different groups speaking different languages helps the growth of cultural diversity, which in turn can lead to opportunities for the development of alternative modes of exploring possibilities for social, political and technological progress.” (Trudgill 1991: 68.)

Same perspektivet ligg til grunn for Ulf Teleman og Margareta Westman i ein artikkel om “Behöver vi en nationell språkpolitik?”, der dei forklarer eit “effektivitetsargument” slik:

“Resonemanget är följande. Kulturer hålls ihop av språk. Inte minst i dagens genomkommersialiserade värld hotas kulturerna av likriktning om inte språkliga gränshinder bromsar och ger en viss tid för eftertanke. Argumentet utgår också ifrån att olika kulturer är kreativa på olika sätt och att denna pluralism är en viktig motor för utvecklingen i vår värld. (Argumentet liknar skälen för biologisk mångfald.) Vi tror att detta är en riktig tanke utan att nödvändigtvis förskriva oss till en språklig relativism, som innebär att det är språket som helt och hållet styr vår världsuppfattning. Det som ger kulturerna självkänsla och rikedom är att de språk som bär upp dem är samhällsliga språk, att de bär upp offentligheter. [...]

Men ett bevarande av de nationella språken och deras kulturer är bara hälften av effektivitetsargumentet. För maximal effektivitet och kreativitet är det nödvändigt med många och goda budbärare mellan kulturerna. Eller i klartext: lika viktigt som det är att nationalspråken fortsatt stärks, lika viktigt är det att varje land disponerar över en hög grad av färdighet i främmande språk. Ty i sista hand är det impulserna mellan kulturerna som ger maximalt utbyte.” (Teleman & Westman 1997: 9.)

I dette perspektivet er det eit tap for verdskulturen kvar gong eit språksamfunn bukkar under, ikkje for språket sin del, men for verdskulturen som mistar eit instrument til gruppedanning og variasjon.

Dette perspektivet kan nok dragast langt og mistolkast – om ein vil. Men det representerer ein motsats til ei “teknokratisk” tilnærming, som har som logikk at det tener kommunikasjonen om språk blir meir internasjonale og like kvarandre, og om småe språk døyrt ut. Eit økologisk perspektiv kan gi støtte til både ein nasjonal og ein regional språkpolitikk, men ikkje nødvendigvis til eit nasjonalistisk eller eit nasjonalromantisk språksyn.

Dette er uttrykk for ei verdsåskoding, eit verdisyn, som rettferdiggjær arbeidet for å halde oppe særskråka i verda. Og dette resonnementet kan da brukast vidare til å grunngi arbeidet med å styrkje særskråklege drag, f.eks. gjennom former for puristiske tiltak. Dei styrkjer forskjellane og mangfaldet. Purismen er altså ikkje språkleg nødvendig – men han kan vere ønskjeleg for menneska. Det er dermed ideal utafor språket sjølv som legitimerer normeringspolitikken.

Sosiolingvistikken fortel oss at språkendringar for ein del er resultat av samfunnskrefter, av holdningar og ideologiar. Språkendringar kan altså vere produkt av at språket blir brukt manipulerande i kulturen og politikken – og mest effektiv er manipulasjonen når samfunnsmedlemmene er umedvetne om han. Språkrefleksjon og språkpolitikk kan brukast til å “ta makta tilbake” over dei ideologiske kreftene – og å diskutere målet med språket. Ein ideologisk eller fagleg uskyldstilstand finst ikkje. Har vi erkjent funksjonen språk har, må vi òg vilje noko.